

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1978

Namnet på vatnet Landselv /  
Kommune ..... Bjørkelund / Tysvær

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving  
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap  
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært  
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i  
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

## S A N D V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 12. sept. 1978.

Vatnet ligg i Hjelmeland og Forsand kommunar, på austsida av Lyngsvatnet. Heradsgrensa går etter vatnet i retning aust-vest. Arealet er omlag 600 ha. og h.o.h. 606 m. Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetilhøva veksla mykje. Stranda består for det meste av stein og fjell der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men noko botngras og brasmebras vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner om snaumark, myr og mykje snaufjell. Spredd bjørkeskog veks einskilte stader.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men det fell inn ei rekke større og mindre bekketilsig omkring heile vatnet.

Avlaupet renn ut i nord-vest "Sandvassåna" til Ullestад, men noko av avlaupet renn også ut ved Åse.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er stort (ca 15 m) og fargen på vatnet grønnlig-blå som indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5.2 ute på vatnet, 5.2 i Sandvassåna og 5.7 i ein mindre bekk på vestsida.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.50 mg/l og den totale hardheita 4.00 mg/l. Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn og svingningane i pH gjennom året skulle vera moderate.

Elektrisk leiingsemne = 44,4.

Gjennomstrøyminga er liten.

### Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 6 fiskar. Her vart det funne vasskalv (imago), vårflugelarver, sommerfugllarver, luftinnsekter og plankton. Heilt dominerande i mange fiskar var bythotrepes longimanus (plankton).

### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein fattig prøve der dyreplankton dominerte.

### Fisk m.v.


Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 43 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 30 fiskar og av desse var 21 røde, 8 lys-røde og 1 kvit i fíkekjøttet.

Vidare var det 16 hanfiskar og 14 hofiskar.

Ingen av prøvefiskane var angripne av parasittar.

Medelveka av heile fangsten 234 gram.


33 fiskar (76 %) var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,9	10,5	16,3	22,0	26,2	31,0
Årleg lengdetilv., i cm	4,9	5,6	5,8	5,7	4,2	4,8
Antall fiskar	30	30	30	29	23	10

Medel kondisjonsfaktor = 1,07 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Sandvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Sandvatnet ein mykje god lengde-tilvekst og ligg stort sett over normalen like frå fyrste år av. Nokon vekststagnasjon i samband med gyting gjer seg ikkje gjeldande. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 35-36 cm. Då vatnet er såpass stort, vil det sikkert finnast ein del store fiskar på opptil fleire kilo, men det er neppe mange av desse. Desse fiskane, såkalla "jagarar" har fått ein god start her i livet og har seinare gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og surt, men med uvanleg fin fisk og eit fiskebestand som ser ut til å vera litt i underkant av det næringsforrådet tilseier.

Dei kjemiske tilhøva er ikkje så gode som ynskjeleg og det er grunn til å tru, at surheita i gytebekkene til sine tider kan gå utover rogn og yngel og forårsaka rekrutteringssvikt. "Bufferemna" i vatnet er likevel bra, og svingningane i pH skulle ikkje vera store.

Mageprøvene, saman med planktonprøven, syner heller få arter av næringsdyr og det er bythotrepes longimanus som dominarar.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Kondisjonsfaktoren tilseier feit, fin fisk og vekstkurven er mykje god.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Sandvatnet er noko skrint og med harde og sure bergarter oppe i dagen. Dette er ikkje i stand til å nøytraliserer den sure nedbøren vi i dag får og fylgjeleg resulterar det i eit noko surt vatn.

Når kalkinhaldet likevel er såpass bra, kjem dette etter alt å døma av undergrunnen i vatnet, som då må innehalda meir alkaliske og lett oppløyselige bergarter ( leirglimmer).

Fisken er som nemnt uvanleg fin og grunnen må vera noko därlege gytetilhøve, slik at det berre er mindre årgangar med yngel og småfisk som årleg kjem ut i vatnet. Etter som det kan sjå ut, ville næringsforrådet tåle noko større fiskebestand enn det som er tilfelle i dag, utan at dette ville gå ut over kvaliteten.

Det er som kjent ikkje berre den næringsfaunaen som produserast i vatnet som utgjer maten for fisken. Ved bekkedrift, flaumdrift, "luftplankton" m.v. blir fisken tilført næringsdyr og som i summarhalvåret kan vera eit kjærkomment tilskot til den eksisterande faunaen.

Praktiske tiltak.

Grunneigarane til Sandvatnet må gå saman å skipa til eit grunneigarlag og opna vatnet for stangfiske mot løysing av fiskekort. Sjeldan vil ein finna så fin, feit fisk som i dette vatnet og mange vil sikkert prøve fiskelukka si nettopp her.

Ved fiskekortsal vil ein kunna få innkomer og som då i fyrste omgang bør nyttast til aktuelle kultiveringstiltak.

Då fiskebestandet er i underkant av vatnet si bæreeimne, vil vi tilråda utsetjing av setjefisk. Det kan vera vanskeleg å fastsetje eit høvande utsetjingstal, då vatnet skulle vore prøvefiska også i den austre delen, men førebels må ein kunne setje ut ca. 2 000 setjefisk pr. år over ein 3-års periode. Denne fisken bør merkjast, slik at ein ved gjenfangst kan kontrollere korleis utfallet har blitt.

For å betre ei naturlig rekruttering, kan det vera av interesse å leggja ut jordbrukskalk (sjølsand) i øvre delen av ein lageleg gytebekk. På denne måten kan ein betre vasskvaliteten for yngel og småfisk, og dermed styrkje rekrutteringsgrunnlaget.

Som nemnt må vatnet prøvefiskast også i den austre delen og det får ein prøve å få gjort i 1979.

Stavanger 5. mars 1979

Einar Berg